

Nr. 9 november 2006

# Bygdabladet

for BOKN



Bokn Næringsforum har bestemt at Kreativitetsprisen 2006 går til HighComp AS.  
Les meir s. 5



Bokn sau og geit har vore på fagtur til Vest-Agder.  
Les meir s. 6



Det var humoren som prega kulturkvelden på Bokn bedehus då Pater Kjell Arild Pollestad kåserte om Alexander Kielland. Les meir s. 12



# RDFØRAREN RDET

Rådmannen har lagt fram eit ekspansivt budsjett for 2007 med økonomiplan for 4 år.

Sjølv om kommunane har fått auka rammer frå staten gir det ikkje rom for store endringar av drifta. Bokn fekk auka overføringane med 1.910.000,- kr, noko som høyrer bra ut, men nesten 1.900.000,- går til lønsauke. I tillegg er der usikkerheit rundt pensjonskostnader, renteauke og ny sjukelønnsordning.

Det som er positivt er at eigedomsskatten vil auke i åra 2008 og framover p.g.a. gasskraftverket, og at lånegjelda vil minka.

### Eigen lege

Av nye tiltak som er føreslått vil eg nemna at kommunen arbeidar med å få eigen lege, noko som vil komme til å koste mykje meir enn i dag, og rådmannen har satt av 450 000,- ekstra for å prøve og få lege og 200.000,- til legevaktsamarbeid.

Nye lærebøker og ikt-utstyr på skulen er og ei satsing med henholdsvis 150.000,- og 460.000,- kr.

Der er og sett av 137.000,- kr. til oppgradering av gymsalen på skulen.

Drift av kyrkja er og styrka med 107.000,-.

### Kultursoge

Eg har og arbeidd med å få ei finansiering av utgiving av kulturhistoria for Bokn og rådmannen har lagt inn 500.000,- kr. i økonomiplanen som kommunen sin del. Resten, ca 550.000,-, er tenkt finansiert med støtte frå næringsliv og enkeltpersonar. Allereie nå har me fått 100.000,- og signal om meir. Er det nokre som vil bidra er det berre å ta kontakt.

I investeringsbudsjettet er det og tatt med 600.000,- kr. til kjøp av nytt bustadfelt og 700.000,- til prosjektet "Kjekt på Bokn".

Samla investeringar er på ca 2,8 mill kr. og tenkt finansiert ved bruk av fond.

Etter mi meining er det eit godt budsjett som vidareføre den drift kommunen har i dag, men kanskje litt for ekspansivt.

Politikarane vil nå gå gjennom budsjettet og komme med sine forslag til endringar.

Det er mitt mål at alle parti blir einige om eit budsjett til behandling i kommunestyre den 12/12.

Svein Ove

## KJEKT PÅ BOKN

ARBEIDSGRUPPE FOR DELPROSJEKTET  
HELSEFOREBYGGANDE ARBEID

Arbeidsgruppa består av:

Namn, funksjon	Representant for:	Telefonnummer
Lars Norekvål, leiar	Småbarnsforeldre	52857830 / 93015544
Kjell Frode Lie	"	52748201 / 90783797
May Jorunn Vatnaland, nestleiar	Ungdomsforeldre	52748648 / 95062816
Ellen Nedrebø	"	52748502 / 95479993
Arne Bårdsen	Pensjonistene	52748677 / 90960978
Einar Gulbrandsen	Bokn Pensjonistforening	52748365 / 97002023
Inger Sønnøve Bokneberg	Bokn Sanitetsforening	52748322 / 90651418
Susanne Grønnestad	Bokn Røde Kors	52748585 / 90529693
Kleng Våga	Formannskapet	52748386 / 90880656
Helga Alvestad	"	52748476 / 92866730
Jan Erik Nygaard, rådmann	Administrasjonen	98221501
Gunn Grønnestad, sekretær	"	98221503

I tillegg representerar kvar enkelt sjølv sagt si eiga aldersgruppe, slik at sammensetjinga skulle dekke befolkninga godt.

Gruppa har hittil hatt 3 møter, og ein del tiltak/aktivitet er under planlegging.

**Har du som innbyggjar i Bokn innspel til gruppa, ta kontakt med ein av oss!**

# Kultursoge

Jardar Havikbotn

## Mykje tyder på at arbeidet med å få Bokn si kulturhistorie mellom to permar kan starta i 2007.

Som ordføreren skriv på forrige side ligg det i budsjettforslaget kr. 500.000 over to år til dette arbeidet. Dette bør inspirera alle som er opptekne av denne type kultur, ikkje minst Bokn historielag, som også har eiga kultursoge-gruppe.

## Framhald av det bygdehistoriske arbeidet

Når dette blir lese har forfattaren av Bokn gard og ætt (to band), Birger Lindanger, vore hjå Historielaget og snakka om utgjeving av bygdesoge. Han seier han kan trekkja vekslar på arbeidet sitt med gards- og ættesoga og ser for seg ei bok på 500 sider med ein tolvdelt disposisjon. Med forbehold om positivt kommunestyrevedtak 12.12 og om Birger skal skriva boka vil Bygda-

bladet m.a. koma tilbake til denne disposisjonen.

At Birger, som med heftet "Bokn kyrkja - vegvisar i liv og død gjennom 1000 år" i samband med kyrkjebileet i 1997 allerede har skriva litt av kulturhistoria til Bokn - og har samla ein heil del materiale i samband med gards- og ættesoga, også blir forfattar til ei bygdesoge-bok er vel temmeleg naturleg, men har han tid?

- Eg har kontrakt med Sola kommune om å skriva deira kultursoge når eg er ferdig i Kvitsøy 1. april neste år, men Bokn har veldig høg prioritet hjå meg og eg ser for meg å jobba parallelt med desse to bøkene, seier forfattaren, som føler seg som boknar.

Birger, som også har forelesningar i historie på Universitetet i Stavanger, reknar å bruka to årsverk på ei slik bok, det same som på Sola. Soleis vil det parallelle

arbeidet gå over fire år, men mykje er enno usikkert rundt dette.

## Fotoinnsamlingar og intervju-rundar

Birger reknar med at boka vil ta for seg historia fram til i dag og vil supplera både fotoskatten og dei intervjua kommunen har liggande. Dessutan er berre halvparten av 1.000 foto brukt i Gards- og ættesoga og bygdeboknemnda har halde tilbake foto med spesiell kulturhistorisk verdi. Her ligg eit stort potensiale. På mange måtar blir ei slik bok det tredje bandet av bygdeboka for Bokn.

Samla kostnader blir stipulert til omlag kr. 1,3 mill. Det kan vera rimeleg å rekna salsinntekter på rundt kr. 280.000 slik at dei dekkjer produksjonskostnadene. Ellers håpar me på mange sponsormidlar.

# Ny webside

Jardar Havikbotn

## Det går mot samkøring av nettsidene til Bokn kommune og Bygdabladet.

Hovudgrunnen til dette er t.d. at i ein liten kommune med begrensa ressurser må det vera enkelt og effektivt å oppdatera nettstaden. Ein enkel administrasjonsmodul er ein stor forskjell mellom bokn.kommune.no og bygdabladet.no i dag, og målet er at alle kommunale seksjonar skal kunna oppdatera og gjera sidene "levande" på sine ansvarsområde på ei ny webside for Bokn kommune.

## Felles portal og skiftande venstremeny

Publikum vil sannsynlegvis koma inn i ein felles portal for Bokn kommune og Bygdabladet, enten ein skriv bokn.no, bokn.kommune.no, bygdabladet.no eller bygda-blad.no, for så å klikka på der ein vil gå vidare. Men det vil berre vera venstremenyen som då vil skifta. Toppmeny, midtfelt og

høgre meny vil altså vera faste og bygga på slik du ser Bygdabladet sine nettsider i dag.

Dei som rynkar på nasen no kan berre halda han i ro. Trenden blant kommunale nettsider i dag er nemleg ferskt nytt i ulike kategoriar i midtfeltet. Høgre menyen vil m.a. ha meiningsmåling og sidebanner, slik som i dag, oversikt over ledige stillingar og lenker til andre nettstader. Venstremenyen til Bokn kommune vil vera svært oversiktleg, med mål om at den leitande nettlesaren kan sjå kor han skal klikka. Det er underteikna som skal vera webredaktør for dei nye nettsidene.

## bokn.no

På sikt vil ein vurdere kor mange domener som treng peika til den nye sida. I og med at bygdabladet.no stort sett fungerer som kommunenettside i dag er det der du kjem om du skriv bokn.no. Ein

kan også skriva bygdablad.no. I ein overgangsperiode er det nok lurt å halda på bygdablad-domenene.

## Utfordringar

Vegen mot tilfredsstillande driftsrutiner, både for medarbeidarane og publikum, kan fort ta nokre månader. For å nå målet om ei enkel, oversiktleg og funksjonell webside må ein skynda seg sakte.

Ein usikker publiseringsdato er 01.02.07.

## Dagens bygdabladet.no blir mal for den nye websida.





## Heskja Plate- og Sveis går på land

Reidar Alvestad

**Om alt går som planlagt vil Heskja Plate- og Sveis DA etablera seg på land i sør-vestre del av fiskerihavna i Knarholmen.**

### Leigeavtale med kommunen

Bedrifta har tidlegare søkt kommunen om å leiga eit område på denne staden, og har nå skrive under ein leigeavtale. Grunnlaget for saka er ei sak i Forvaltningsstyret kor eit framlegg til bebyggelsesplan for sone IV i Knarholmen blir lagt ut til offentlig ettersyn.

### Reparasjonar av utstyr i sjø

Heskja Plate- og Sveis har drive med reparasjonar og påbygg til båtar. Hovudoppgåvene nå er utstyr og reparasjonar innan

det er muleg.

### To til tre personar

Det er Geir Vidar Heskja som fortel dette til Bygdabladet. Utanom han er det faren som Lars Sigmund som arbeider ved bedrifta. I periodar er det også ein annan bror som har oppdrag i bedrifta.

### Ting forsvinn frå området

Geir Vidar Heskja som Bygdabladet snakka med, fortalde at dei likar dårleg at ting har forsvunne nede ved Knarholmen. På kaien til Kystverket er det i seinare tid ulovleg tappa diesel frå to tankar. I området kor Heskja Plate- og Sveis skal



I dette området er det Heskja Plate- og Sveis skal etablera seg på land.

oppdrettsverksemda. Dei har også Bokn sjøservice med ein leker ved sida av seg der dei held til i fiskerihavna. Denne vil fylgja med til den nye staden lengre inne i havna.

### Verkstadhall

Det skal takast ut fjellmasse i området som skal fyllast ut i sjøen der bedifta skal liggja. Så skal ein hall på rundt 15 x 24 m setjast opp. Dei ynskjer å starta opp med arbeidet så snart

etablera seg, er det forsvunne ein stige og ein jekk som dei hadde lete ligga der medan dei utførde noko arbeid. Sjølv har dei kameraovervåking av bedrifta, så her har det ikkje vore noko som har blitt borte.

Elles seier Geir Vidar Heskja at det er ungar som ferdast der nede som har kasta ting frå ein avfallscontainer i sjøen. Han håpar dette vil ta ein slutt.

## Austre Bokn handelslag blir 2 husvære

Reidar Alvestad

**Tåganes Eiendom A/S har søkt Bokn kommune om bruksendring for Austre Bokn Handelslag frå forretningslokale til bustad.**

### 2 bustader

Det er nå gitt løyve til å omgjera 1 etasje på det tidlegare handelslaget til eit større husvære med stove, kjøkken, bad, kontor og 5 soverom. Frå før er det eit husvære i 2. etasje.

Det er Bernt Øvrebø som er skal ha det bygningstekniske arbeidet som skal vera ferdig til våren 2007.

### Utleigeføremål

Tåganes Eiendom A/S skal leiga ut husværet til ferjeselskapet Fjord 1 som skal trafikker Boknafjordsambandet frå 2007.

I tillegg til 1. etasje har Fjord 1

også opsjon på leige av 2. etasje etter oppussing når denne blir ledig.



Slik blir ny fasade mot nord etter ombygging.

# Kreativitetsprisen 2006 til HighComp AS

Reidar Alvestad

**Bokn Næringsforum har bestemt at Kreativitetsprisen 2006 går til HighComp AS. HighComp er ei eiga bedrift med utspring i Bokn Plast.**

## **Offshore og vindmøllehus**

Hovudprodukta til HighComp er modular til oljerelatert offshore-modular og vindmøllehus, medan Bokn Plast produserer ulike typer tankar.

**Dette er den store hallen til HighComp. I opninga til hallen ligg ein modul som er øvre del av eit vindmøllehus. Eit slikt ferdig montert vindmøllehus har storleik på 10x8x8 m.**



## **Går godt**

Helge Rasmussen fortel at det er bra om arbeid ved bedrifta. Det er særleg innan offshore modular dei har oppgåver framover. Bedrifta skal i nær framtid setja opp ein ny og noko mindre hall rett nord for den nyare store hallen på det nye bedriftsområdet.

Rune Vatnaland seier til Bygdabladet at det var 3 kandidatar til Kreativitetsprisen 2006. Forutan HighComp var det Bokn Seafood og Jareya Janpeng Våga som driv restaurant i Haugesund.

**Rune Vatnaland frå Bokn næringsforum overrekker ein krystallvase med inskripsjon til Helge Rasmussen ved HighComp som symbol på at bedrifta er tildelt Kreativitetsprisen 2006.**

## Mange nye meiser og ulvungar og rekordstort speidarkull

Leiv Våga & May Jorunn Vatnaland

**Framhald på neste side**

Speidaren har god bør for tida. Ved oppstart i haust troppa heile femten nye, dei fleste 3. klassingar opp og ville byrja i speidaren. Og ikkje nok med det. Fire – fem foreldre har og kome og vil ta eit tak som leiarar.

Me var spente på kor mange som framleis var med då prøveperioden var over. Men veit du? Heile fjorten av desse vart opptekne som småspeidarar i skogen den 31. oktober. To av dei nye leiarane måtte, for å koma i frå, få ha med seg andreklassingane sine. Dermed vart det totalt seksten nye ulvungar og meiser. Me håper at dei andre 2. klassingane har forståing for at dei to fekk byrja eit år for tidleg.

Me har hatt mange gilde samlingar utover hausten. Dei fleste møta har med hatt "I Skogen". Men me har og vore i Ognahabn ein tur. Eit refleksløp på Boknaberg har det og blitt.

**20. – 21. oktober var me på overnattingstur til Sandbekken (bildet).** Mest alle var med, og me hadde det kjempekjekt med mellom anna leirbål, bibeltime, smiing, kanopadling og skattjakt på programmet. Og så laga alle sin eigen pizza som dei stekte på grill.

Det vert Merete Alvestad som tek over som hovedleiar for

småspeidarane frå nyttår. Med seg får ho Ruth Ingunn Grønnestad, Eivind Øvrebø, Håvard Hetland og Lars Ove Vatnaland. Johannes Nielsen vert og med når det trengs. Det er godt å vita at flokken er i gode hender nå som me gamle trappar ned.





# Fagtur for *Bokn sau og geit* til Vest-Agder

Rita Jensen

Frå 27.10 til 29.10 var me 19 stk. frå *Bokn sau og geit* som reiste med buss til Vest-Agder.

Turen starta kl. fire frå Arsvågen, med Trond Nedrebø som sjåfør. Målet var Eiken feriesenter med ankomst ca. kl. 20.00. Dette heldt ikkje heilt, det gjekk ein time ekstra og då fikk me ein god middag.

På begge gardsbesøka blei det lagt stor vekt på avlsarbeidet der sauekontrollen var eit godt hjelpemiddel.

Tilbake til hotellet var det å hoppe i dusjen og få på seg finstasen til ein betre middag og kanskje viktigast av alt sosialt samvær med lått og løye.

Sundagsmorgon starta med snøslaps og det var med nød og neppe at enkelte av oss kom oss heilberga til frukosten.

På heimturen la me leia innom Brusand kor me fekk treffa Bernt Undheim som dreiv me Dorset-sau. Denne sauerasen er noko spesiell da han kan lemme heile året. Dette er eit prøveprosjekt for å



**Boknagjengen frå *Bokn sau og geit*. Foto: Vigdis Aas**



**Frå melke- til sauefjos med 250 sauer. Foto: Ellen Nedrebø**

Laurdagsmorgon starta me tidleg med den faglege delen anført av ei frisk og opplagt dame, Vigdis Aas, rådgjevar frå Gilde.

Ho hadde eit interessant innlegg om viktigheten av godt avlsarbeid, med fokus på fett.

Programmet vidare utover dagen var setla med to gardsbesøk og eit besøk på Torvløbakken gard kor me fekk servert tradisjonsrik mat tufta på lokale råvarer.

kunne levere ferskt lammekjøtt året rundt. Som eit ekstra pluss fekk me sjå ei flott oppvisning av korleis ein god gjetarhund kan fungera.

Etter dette kjørte me til Bryne kro og hotell kor me fekk ein utruleg flott og god søndagsmiddag..

Tusen takk til alle som var med for ein opplevelsesrik tur.

## Framhald frå forrige side

Me hadde opptak av 14 nye speiderar 31. oktober.

Nå har me rekordstort kull på heile 36 speiderar, fordelt på 6 patruljer.

Har måtte ta i bruk kontoret vårt til ekstra patruljerom, for at alle skal få plass.

Rommene er nå nyoppussa og fine.



**Bygdabladet gjer merksam på at det berre er sjølvvevtaka som er gjengitt i bladet.**

**Dei som er interesserte i fleire opplysningar om ulike saker kan ta kontakt med Servicetorget.**

**Publikum vil også kunna sjå dette under Innsyn på dei kommande websidene, sjå s. 3**

## Frå kommunestyremøtet 26.09

Sak 024/06

### **Haugaland Miljøretta helsevern – vedtekter.**

#### **Kommunestyre vedtok:**

Rådmannen si innstilling om endring av vedtekter ble vedtatt.

Sak 025/06

### **Budsjettkontroll – 2. kvartal 2006/ halvårsrapport.**

#### **Kommunestyre vedtok:**

Budsjett rapporten for 2.kvartal 2006 vert tatt til etterretning med fylgjande endringar :

- Driftsinntektene som gjeld meirverdikompen- sasjonen for investering vert overført til det enkelte investeringsprosjekt.
- Udekka utgifter på ca. kr 204.000,- i samband med kommunesamanslutninga vert dekket av tilskot frå staten med kr. 200.000.-
- Tilskot til båtforeninga vert finansiert av reser- verte løyvingar (1490-120-1000)
- Statleg tilskot på kr. 127.000 i samband med kompetanseløftet vert brukt til å auke kursut- giftene på rammeområde 2.
- Disponering av auka inntekter på rammeområ- dene vert tatt som egne saker.

I tillegg vert rammområde 2 auka med 10.000,- til eit prosjekt som går på barn og språk i regi av Helsesta- sjonen og biblioteket. Prosjektet vert finansiert av gåve frå SR bank og skal nyttast til innkjøp av bøker og anna materiell til 1 og 2 åringar. Prosjektet skal gå over fleire år.

Rammeområde 6 får auka bevilgning til prosjektet ut- bygging av helsestasjon med kr. 22.000. Administra- sjonen skal laga forslag og finansiering av prosjektet .

Sak 026/08

### **Erverv av SR-Bank1 sine lokaler i Bokn kommune.**

#### **Kommunestyre vedtok:**

1. Bokn kommunestyre vedtek å kjøpe Sparebank 1 SR-Bank, sine lokaler på Boknatun til ein pris av kr. 1,1 mill. Dette under føresetnad om at det inn- går leigekontrakt mellom banken og kommunen med minimum 10 års leigetid og elles i samsvar med vilkår som fylgjer av vedlagte leigekontrakt.
2. Kjøpet må ses i samanheng med inngått samar- beidsavtale med SR-Bank om drift av eit felles

kontorlandskap, kjøp av kontortekniske tenester frå SR-Bank og utleige av lokala til Sr-bank, jfr. vedl. kopi av framlegg til avtale mellom Sr-Bank og Bokn kommune.

3. Ordføraren får fullmakt til å inngå avtale med Sr-Bank om kjøp av lokala.
4. Kommunens utgifter med kjøp av banklokalet dekkes gjennom bruk av kapitalfond.

Sak 027/06

### **Kommunesamanslåing Bokn og Tysvær**

#### **Kommunestyre vedtok:**

Som ei konsekvens av folkeavrøystinga vedtek Bokn kommunestyre at det ikkje søkes om å slå saman Bokn og Tysvær til ein kommune.

Sak 029/06

### **Haugalandpakken – opprettelse av bompengeselskap.**

#### **Kommunestyre vedtok:**

1. Bokn går inn i Haugalandspakken AS med ein aksje- kapital pålydende kr. 40.000,- (1 aksje a kr. 1000,-)

2. Utgiftene dekkes gjennom bruk av avsett til til- leggs løyving, konto 1000.120.1490

3. Som representant i styret for Haugalandspakken AS oppnevnes

-----

-----, varamedlem

Styret har en funksjonstid som følger valgperioden. Kommunen sine kandidater til styret for Hauga- landspakken AS:

- Svein Ove Alvestad
- Marie Faye
- Jan Erik Nygaard
- Solrunn Alvestad

Ordførar får fullmakt til å plassere i aktuelt verv.

## Frå kommunestyremøtet 24.10

Sak 031/06

### **Haugaland interkommunale miljøverk IKS – sel- skapsavtale.**

#### **Kommunestyret vedtok:**

Rådmannen framlegg til selskapsavtale blei vedtatt.

Sak 32/06

### **Direkte val av ordførar:**

#### **Kommunestyret sitt vedtak:**

Formannskapet si innstilling om ikkje å søkje om å delta i ordningen med direkte val av ordførar blei ved- tatt med 13 mot 2 røyster.

Sak 33/06

**Møtegodgjersle – medlemmer i prosjektet "Kjekt på Bokn".**

**Kommunestyret vedtok:**

Godtgjersle gis for deltakelse på møter i prosjektgruppene i prosjektet "Kjekt på Bokn" etter laveste sats på kr 200,- pr. møte.

Sak 34/06

**Møtegodgjersle – medlemmer i brukrutval for psykisk helse.**

**Kommunestyret vedtok:**

Godtgjersle gis for deltakelse på møter i brukrutval for psykisk helse etter laveste sats på kr 200,- pr. møte.

Sak 035/06

**Helseberedskapsplan.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Helseberedskapsplanen blei vedtatt.

Sak 036/06

**Haugaland kunnskapspark – kommunal delta-king.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Bokn kommunestyre stiller seg positiv til å invitasjonen om å gå inn i Haugaland Kunnskapspark as med ein eigardel pålydande kr. 50.000,- til pari kurs.

Sak 038/06

**Ambulerande skjenkeløyve.**

**Kommunestyret sitt vedtak: ( 13 mot 2 røyster)**

1. Kommunestyret vedtar at det skal vera 2 ambulerande skjenkeløyve for øl og vin. Jfr. Alkohollova §4,5.
2. Ved behandling av søknader blir departementet sine retningslinjer/merknader til §4.5 lagt til grunn.

Fylgjande avgrensingar gjeld:

- arrangementet er internt, dvs med påmelding for egne medlemmer til årsfestar m.v.
- Løyva kan ikkje nyttast til arrangement som blir annonsert og er opne for publikum

3. Rådmannen gis fullmakt til å gi enkeltløyve for skjenking av øl og vin.

4. Tidsrom for skjenking av øl og vin fylgjer tidlegare vedtekne reglar.

Normal skjenketid er kl. 08.00 – 01.00.

Sak 039/06

**Søknad om fritak frå politiske verv.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Det blei vedtatt samrøystes at Anbjørn Bokneberg får fritak frå politisk verv som leder i kontrollutvalet.

Som ny leder i kontrollutvalet blei samrøystes valgt:  
Arvid Sæbø.

Varamann:

Harry Vågshaug.

**Frå formannskapsmøtet 14.11**

Sak 090/06

**Søknad om støtte frå Pluggen motorklubb.**

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet løyver kr. 20.000 til Pluggen MK.

Sak 092/06

**Organisering av rekneskapsfunksjonen i Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet vedtar at Bokn kommune har rekneskapsføringa i eigen kommune.

Sak 095/06

**Eventuelt.**

Det blei orientert om avtale mellom SR-Bank og Bokn kommune og HIM IKS.



I ungdomsarbeidaren sin sjukemeldingsperiode har det det siste året vore nytta vikarar, og då den siste vikaren melde pass i midten av oktober p.g.a. skulegang blei styret og underteikna samde om å prøva å halda tilbodet oppe på fredagar (onsdagar og klubbkveldlaurdagar blei kutta ut).

Det blei stilt større krav til styremedlemmene og foreldrevaktene. Og dei gongene det har vore Petra har dette fungert godt, men me må be om forståing for at det nokre gonger har blitt avlyste kveldar, gjerne i siste liten. Dette kjem av at fritidsklubbkvelden ikkje blir forberedt godt nok, av ulike årsaker.

Me satsar på ny vikar(ar) og ein stabil plan i neste semester, sjå utlysing s. 16.

**Kultursjefen**



## Treningsforhold

Steeven Høyland

**Når jeg skriver dette innlegget så er det pga. at nå er jeg luta lei av treningsforholdene ved grusbanen på "fyren".**

Det er en skam fra både idrettslaget og kommunen. At det er bevilget penger, men at det er en eller annen etat eller lag som ikke kjenner sin besøkelsestid, i forhold til ungene sine muligheter for

å kunne trene ordentlig er visstnok underbetydende.

Kommunen gikk tidligere ut i år og skrot av at nå skulle det satses på ungdommen ved Bokn kommune - meget mulig det i ordenes kraft, men en ser vel egentlig hva som skjer i praksis.

Idrettslaget organiserer ca 70 % av ungene i Bokn skule og det burde kommunen virkelig ta alvorlig nok til å følge opp denne saken og få noe gjort omgående.

Om det allikevel ikke følges opp umiddelbart så bør idrettslaget selv gå inn og få gjort det som trenings - penger har de til og legge ut om det så skulle være.

Så slutt og skyld på hverandre, for det har jeg hørt nå i ett år, og få banen representativ igjen.

Ungene fortjener nemlig at dere tar de seriøst på dette området når de selv er meget engasjerte i den idretten de bedriver.

## Namneforvirring

Sigvart Våga

**Det kan virka som "flise-spikkeri", men eg vil gjerne ta litt fatt i Øyren og Øyrvegen.**

Ein Øyr er ei moreneavsetjing. Den aktuelle her er stort sett under brufyllinga og litt nordover. Trond Nedrebø kan seie han har småbåt-hamna si på Øyren, men han er fråstolen namnet.

Det var fleire av oss som var med når byggjefeltet vart diskutert, som minna om at namnet var feil, men det vart ikkje teken hensyn til. Me må sjølv sagt ta sjølvkritikk for ikkje gjort det godt nok. Det er vel for seint å gjere noko med, og namnet er jo greit nok. Men det er jo galt at folk flest skal narrast til å tru at det er rett namn på staden, og at det går over i historia utan kommentar.

### "Treet" og Aksdal

Det har aldri heitt eller vorte kalla Øyren sundafor brua. Då tysværbuen Anders Larsen slo seg til på dette bruket som husmann i 1704,

heitte det Nerabøtreet. Det heitte det også når det vart matrikulert som eige bruk i 1863.

I bygdeboka har me nytta namnet "Treet". Men det har elles vore lite brukt. På "folkemunne" har det dei siste hundre åra vore knytta til personane som budde der. Hjø han Ola, og seinare hjå Albert. Elles ligg mykje av feltet på Aksdal, Aksdalsjøen.

### Torvberget

Nå nyleg kom der så eit nytt tilfelle av byting av namn. Eg var for ikkje lenge sidan med ein flokk skulebarn i Vågholmen. Då møtte me opp på Torvberget og vart førde bort. Dersom me skulle starta frå "Ablaviga", var vel eg nærast den einaste som visste kvar det skulle vere.

Kvifor i all verda kutta ut eit gammalt innarbeidd namn med eit ukjent som nest ingen veit kvar er. Forresten så er det ikkje same staden. Det som ei tid blei kalla Aplavika er eit lite område innerst i vika vest for Torvberget. Namnet er heller ikkje gammalt. Nå kunne jo

namnet Ablavika eksistert for det om det ikkje er nemnt i utskiftinga i 1850, det er mange stader som ikkje er det. Men i samband med tarerettar er denne vida nemnd.

Taren var ein viktig ting den gongen og dei einskildes bruk hadde kvar sin teig. Den gongen heitte staden Mikkelsvegen, at det er same staden er det ingen tvil om, for det er så nøye forklart. Det tok til i skifte mellom eigedom nr. 1 og 4 og fylgde stranda sørover til "den meget store sten", den ligg der enno.

Kva tid det er reke eit eple opp i steingarden og fått ein surapal til å råta seg veit me ikkje. Det er mest berre i ein steingard at tred kan koma opp i dette område, det har vel for det meste vore saman. Det er framleis mykje gamalt kratt i og ved garden, halvnake og ikkje godt å seie kva det har vore.

Like vanskelig som å forstå seg på flytting av namn er det å skjønna kvifor ein laga sak om denne staden. Det er jo ingen problem å løyse. Men ein kan lett skape nye.

## Et underlig vedtak i Forvaltningsstyret

Johannes Svendsen

**Viser til vedtak gjort i Forvaltningsstyret 29.09.06.**

Det skulle blant annet tas stilling til kommunens forslag til ny reguleringsplan for Føresvik havn hvor det var foreslått bolighus i flere etasjer på kommunen sin sjøeiendom samt en privat nausttomt nedenfor undertegnedes bolighus.

### Forvaltningsstyret bestående av:

Per Helge Sunde (inhabil)  
Ann Jeanette Sunde (inhabil)  
Kyrre Lindanger

Merete Alvestad  
Ottar J Borgenvik (inhabil)  
Sigurd Johnny Svendsen  
Lillian Grønnestad  
Jostein Larsen (inhabil)

Utsikten til min nabo i nord ble tydeligvis mer verdsatt enn min, da styret stemte ned forslaget til bolighus i flere etasjer foran hans hus, uten noen som helst begrunnelse (?!), men opprettet bolighus i flere etasjer på privat nausttomt nedenfor undertegnedes bolighus (?!).

På spørsmål til kommunen om hvorfor denne nausttomten skulle legges ut til boligformål var svaret at det falt seg naturlig siden nabotomten (kommunen

sin sjøeiendom) skulle legges ut til boligformål.

Greit nok, men da må det falle like naturlig for Forvaltningsstyret å frafalle "boligformål" på nausttomten når de stemte ned boligformål på kommune-tomten.

Området må selvfølgelig sees på under ett og tillate boligbebyggelse på den ene tomten og forby det på nabotomten?!

**Da er det andre ting enn sunn fornuft som hersker.**

# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -  
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

## NOVEMBER

30. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

## DESEMBER

**02. Familiejulefest på skulen kl. 15.00 - arr. Hegren sportsdanskklubb. Alle velkomne! Sjå s. 17**

**03. Julegranstenning på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn Røde Kors**

03. Gudsteneste kl. 19.00 - lysmesse

**05. Grautfest for speidarane i gymsalen på skulen kl.18.00**

08. Kino i Auditoriet

10. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps

11. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30

**15. Julekonsert i kyrkja kl. 19.00 - sjå s. 17**

**16. Klubbkveld for ungdom m/julemiddag**

17. Gudsteneste kl. 11.00

17. Julefest, Bedehuset kl. 15.00

24. Gudsteneste kl. 14.00

26. Gudsteneste kl. 11.00

**26.-30. BCG - Datatreff**

28. Juletreff, Bedehuset kl. 19.00 - arr. Bedehuset & Frelsesarméen

31. Gudsteneste kl. 16.00



## På kino 8. desember


Lucas Nickle blir mobbet av noen gutter i nabolaget, og han kommer ikke overens med familien sin.

Han tar ut frustrasjonene på maurtuer i hagen, men innbyggerne får nok. De klarer å trylle Lucas til maurstørrelse.

Nå skal han få en unik og farlig lærepeng... .

Harrytappen Kalle kommer hjem til byen med lomma full av spenn, og har bare en tanke i hodet: bli sammen med Trine, den peneste dama i hele fylket.

Først må han kvitte seg med et lite problem: den dølle typen hun er forlovet med....



### Me gratulerer!




Marianne Sunde

Me vil gratulera jentå våras med 11 års dagen som var 25. nov.

Klem fra mamma, pappa og Marius

### Me gratulerer!



Gratulere med 6 års dagen den 15.12.

Klem mamma og pappa

Sander Alvestad

### Julenummeret kjem som vanleg ut i dagane før julekvelden i veke 51.

Tradisjonen tru vil me prøva og få plass til dei litt lengre historiane, gjerne med historisk og nostalgisk sus.

Og går alt etter planen blir det også kryssord, sudoku og wordoku med lokal snert.

På gjensyn i julenummeret!

- redaktøren -



Martine Hesthammer

Gratulerer med 3 års dagen som var 26. nov.

Klem fra Besten, mormor og tante Natalie

### 6-åringer om mødre:

#### Hvilke ingredienser er mødre laget av?

Gud lager mødre av skyer og englehår og alt snilt i verden - og litt slemt.

De måtte starte fra mannens ribben. Så brukte de mest hyssing tror jeg.

#### Hvorfor giftet mamman din seg med pappan din?

Pappa lager den beste spagettien i verden, og mamma spiser masse!

Min mormor sier at mamma ikke hadde tenkehetta på seg...

#### Hvem er sjefen hjemme hos dere?

Mamma vil ikke være sjef, men hun må for pappa gjør bare så masse rart!

#### Hva er forskjellen på mammaer og pappaer?

Mamma jobber på jobb og jobber hjemme, og pappa jobber bare på jobb.

Mammaer vet hvordan de skal snakke med læreren uten å skremme dem, og det er de du må spørre om du kan få overnatte hos venner...

Mødre er nesten magiske for de får deg til å føle deg bedre helt uten medisin!

Kjelde: internett

# Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 9 1986

## Bokn vil ha gasskraftverket til Ognøy

På eit orienteringsmøte som Statkraft hadde i Kopervik midt i oktober, opplyste prosjektleiar Torstein Astvold at to stader i Årvikområdet aust for Kårstø er dei mest aktuelle plasseringsstadene for eit gasskraftverk.

Årsaka til dette er at ein kan sleppa det oppvarma kjølevatnet direkte ut i den djupe Hervikfjorden. Ein meiner at ved å leggja kraftverket på sjølve Kårstøterminalen eller på Ognøy må kjølevatnet sleppast ut i det grunnare Kårstø-bassenget, som alt er noko belasta gjennom utslepp frå Kårstøanlegget. Ein meiner også at Ognøy-alternativet vil bli dyrare enn dei andre alternativa.

Bokn formannskap gjorde i sak 90/86 vedtak om at kommunen skal arbeida vidare med saka for om mogeleg å få vurdert Ognøy som lokaliseringstad for det planlagde gasskraftverket.

Bokn kommune har bede Rogaland fylkeskommune om støtte til at Ognøy blir vurdert som eit alternativ for plassering av gasskraftverk. Fylkesutvalet har nå gitt støtte til at Ognøy må vurderast som alternativ til dei andre stadene.

Det er altså for å leggja fram Bokn kommune

sitt syn på dette spørsmålet ein delegasjon frå kommunen reiser til olje- og energidepartementet.

Det er Tommeliten-feltet i Nordsjøen som skal forsyna det planlagde gasskraftverket med "råstoff". Det vil kunne levera gass frå 1991, slik at anlegget må vera klar til det tidspunktet.

Det planlagde kraftverket vil kunna levera ein kraftmengde som tilsvarar 5% av det totale kraftforbruket i Norge i dag. Arealkrav er på mellom 60 og 80 mål. Kraftverket vil kunne gi arbeid til mellom 50 og 100 personar i full drift. Arbeidskraftbehovet i sjølve byggeperioden er større.

Mange meiner nok nå at Tysvær kommune står sterkt m.h.t. plassering av kraftverket, i og med at Statkraft har gått ut og starta arbeid med oppdatering av eigedomsgrensar og andre førebunde tiltak. Det ville likevel vore om å gjera å få ei skikkelig utgreiing om Ognøy som alternativ plasseringsstad for kraftverket. Så lenge dette ikkje er gjort, er det vanskelig å seia kor aktuelt dette er.

Eit kraftverk av denne storleiken vil gi store inntekter til den kommunen som blir vertskommune for kraftverket. For Bokn ville dette ha svært positive verknader økonomisk, då kommunen er fattig på industri frå før.

## Bokn sokneråd ynskjer dagens kyrkjeordning

Reidar Alvestad

**Soknerådet i Bokn ynskjer at den norske kyrkja skal halde fram etter den ordninga som er i dag som statskyrkje. Dette kjem fram i eit høyringsvar frå soknerådet som vart vedtatt i møte den 26.oktober.**

### Kommunen gir ikkje høyringsvar

Høyringa er sendt til mange instansar, mellom anna kommunane. Men verken formannskapet eller kommunestyret i Bokn legg opp til å svara på høyringa, og då er det nok berre soknerådet som gir høyringsvar.

### 8 spørsmål

Høyringa er lagt opp slik at ein skal uttale seg til 8 spørsmål.

**I spørsmål 1** dreier det seg om kva overordna prinsipp som bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken. Her svarar soknerådet at prinsippet om trus- og livssynsfridom og prinsippet om ikkje-diskriminering bør liggje til grunn for ein aktiv trus- og livssynspolitikk.

Det er staten sitt ansvar og oppgåve å leggje til rette for innbyggjarane si trus- og livsutfalding, både juridisk, praktisk og økonomisk. Det er og viktig at religion er og har ein naturleg plass i det offentlege rom. Samstundes må dette ikkje bryte med prinsippet for trus- og livssynsfridom og ikkje-diskriminering.

Det tyder at den einskilde har rett til å ha den tru eller det livssyn som han/ho vil, åleine eller saman med andre. Ingen skal bli utsett for tvang som avgrensar ein til å velje ei tru eller eit livssyn. Ingen må heller verte diskriminert på grunn av den religion eller det livssyn ein tilhøyrer. Ein skal ha fri-dom frå religion og fridom til religion.

**I spørsmål 2** om Den norske kyrkja bør halde fram eller avviklast, svarar soknerådet at ho bør halde fram som statskyrkje.

**I det tredje spørsmålet** er det spurt om kva lov Den norske kyrkja bør vere forankra i. Her svarar Bokn sokneråd at det bør vere i Grunnlova.

Korleis bør Den norske kyrkja finansierast, er det **4. spørsmålet**. Her svarar soknerådet at ho bør finansierast offentleg utan medlemsavgift.

**I spørsmål 5** spør ein om korleis valordningane og demokratiet bør vere dersom statskyrkjeordninga vert avvikla. Her svarar soknerådet at valordninga bør vere som i dag.

**I spørsmål 6** spør ein om kva som bør stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom dersom statskyrkjeordninga vert avvikla. Svaret frå soknerådet her er: Det kristne humanistiske verdigrunnlaget.

Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga? Det blir det spurt om i **punkt 7**. Her svarar soknerådet at det må vere den lokale kyrkja (sokneråd eller kyrkjeleg fellesråd), som bør ha dette ansvaret.

I siste **punkt 8** vert det spurt om kven som bør eige og forvalte kyrkjebygga. Soknerådet sitt svar på dette er at den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

**Fristen på å svare på høyringa var sett til 1. desember 2006.**



# Nesten 70 på kulturkveld med Pater Pollestad

Reidar Alvestad

**Det var humoren som prega kulturkvelden på Bokn bedehus den 7. november då Pater Kjell Arild Pollestad kåserte om Alexander Kielland.**

## Bra frammøte

Nærare 70 tilhøyrar på bedehuset syner at kjendisar drar folk ut frå stova. Ikkje berre boknarar, men også folk frå Tysvær og Rennesøy hadde funne vegen til bedehuset.

Det er blitt atskillig høgare under taket dei seinare åra også i bedehuset. Det syner dei mange kulturkveldane som har vore arrangerte med ulike tema. Både skjemt og alvor har det vore, og det synest som om dette har opna bedehusdøra for mange som elles kanskje ikkje ville funne seg til rette der.

Pater Pollestad meinte også at det faktum at ein katolsk prest sto på talarstolen på bedehuset forsterka inntrykket av at tida endrar seg, og med det synet på kva som går an i 2006.



**Pater Kjell Arild Pollestad på talarstolen.**

## Katolikk i bedehuset

Pater Kjell Arild Pollestad er 57-åringen frå Jæren som har gjort karriere ved å bli prest i den katolske kyrkja og rikskjendis ved å delta i mange program i radio og på fjernsyn. Han har også skrive bøker og har oversett litteratur frå andre språk. Vidare har han som fleire andre kjendisar vore reiseleiar og blitt brukt i mange samanhengar.

På Bokn bedehus fortalde han om kor greit det var å ikkje ha eigen bil med seg. På den måten vart han godt kjend i ventetida på offentleg transport, både i byar og på landsbygda. Denne gongen kom han frå eit foredrag på Utsira, og måtte venta på transport frå Haugesund til Bokn. På den måten fekk han eit opphald i Haugesund kor ingenting var som før. Verken dei kafeane eller andre stadene han hadde vore på for ein del år sidan, var å finna att. Så han enda på Sir Toby kor han fekk tid til å lesa ein roman av Dag Solstad.

## Alexander Kielland

Det er 100 år sidan Alexander Kielland døde. Han var ein av "dei 4 store" diktarane, men er nok komen i skuggen av Ibsen-jubileet.

Pater Pollestad tok for seg livet til Alexander Kielland, med særleg vekt på alle breva han skreiv. Faktisk er han den største brevskrivaren i norsk litteratur.

Han kom frå ein fornem familie, og førte eit levesett i pakt



**Nesten 70 hadde funne vegen til kulturkvelden.**

med dette, uansett om han hadde pengar eller ei. For dette var det så ymse med. Men han levde etter regelen om at "det ordnar seg nok". Sjølv var han i eit av breva sine inne på at han nok hadde vore lukkelegare utan å vera så rik.

Ved eit lengre opphald i Paris traff han Bjørnstjerne Bjørnson som han knytte venskap med og brevveksla ein god del med.

Alexander Kielland var ei tid borgarmeister i Stavanger og amtmann i Molde. Som andre store diktarar oppheld han seg i periodar både i Paris og andre større byar. Frå breva hans og det han skriv, må ein nok seia at han var det ein vil kalla ein bohem. Brev gir eit godt bilete av livet hans, korleis han levde og tenkte. Noko av det som gjorde breva interessante, var at han var så utruleg god til å ordleggja seg.

## Mat og historier

Arrangørane hadde etter kulturkveldtradisjonen gjort eit flott arbeid med å laga til eit fantastisk matbord. Her vanka det rettar som rømmegraut, risengrynsgraut, havregraut og dravle. Vidare fann ein torrsild, røykemakrell og anna variert spekemat av kjøt. I tillegg til kaffi og kake var dette eit skikkeleg måltid med tradisjonsmat.



**Variert og god tradisjonsmat.**

Under måltidets gang kom det ytterlegare historier frå Pater Pollestad. Dette var meir frå hans eige liv og opplevingar både før og etter at han vart katolsk prest. Sjølv hadde eg gått etter foredraget oppe i bedehussalen, men etter det eg er fortald, var det ikkje langt mellom gullkorna og lattersalvene ved matbordet heller.

Med ein slik dyktig foredragshaldar vart det heile saman med matøkta ein skikkeleg fin kveld. Det er ikkje utenkeleg at Pater Pollestad kjem tilbake ein gong seinare.

Han hadde sal på bøker frå eige forfattarskap, og selde ut dei han hadde med seg.

**Det var bedehuset og biblioteket som hadde tilrettelagt og gjennomførte kulturkvelden.**



# Hummardikt



I samband med kystkulturdagane på skulen i veke 42 hadde vår lokale poet Kjetil Hamre eit opplegg med småskulen om hummar på verse-føter. Veka etter blei dikta frå elevane ferdige.

I forrige blad presenterte Bygdabladet dikt frå 1., 3. og 4. kl. Her kjem dikta frå 2. kl.:



Eg var på museum  
eg har smakt fiskesuppe  
Eg har smakt hummar  
utan lommar  
(Joakim)

Hummaren sprellar med halen  
fordi han er sur  
han likar ikkje å bu i bur.  
Han er lur.  
(Raymond)

Hommar sover på sommar  
han har ting i lommar  
eg er svart som natta  
eg er så svart som stein.  
(Eline)

Eg gjekk ut me båten  
for å trekka teinå  
i teinå var det hummar  
hurra.  
(Gina)

Eg har klør  
Når eg blir kokt  
blir eg rød  
(Sverre)

Eg er en hommar  
Eg har lommar  
(Målfrid)



Me er på sjøen  
eg er hummar eg  
Eg er hummar eg  
eg er svart  
Når eg kokar  
så er eg rød  
(Linn)



Å ein hummar  
synd det e sommar  
ska eg grina eller le  
Eg grine for eg  
like hummar  
Å eg skulle  
gjerna ete på et fat  
(Torfinn)

Eg e ein hommar  
sun får deg  
får nå er det sommar  
(Simmen)


Eg er fin og svart  
eg slåst  
synd at det er ein foss.  
(Rune)

Me e ute på sjøen  
og fiske med teina  
Hummaren er svart  
Me koke hummaren  
e rød  
(Kristina)

Hommaren er svart  
men der er det ein mann  
Det er bra det er sommar  
for då kan han ikkje fange meg  
og koke meg så eg blir raud  
(Ida)

Når hummaren er død  
så er den rød  
og me har den på brød  
sitron og smør.  
(Jonas)

Hummar sove på havets bunn  
hummar sove frå tare og stein  
hummar ete mat i teina  
(Ingrid)



Eg og min far gjekk ut på sjøen  
og trakk teinå opp av vatnet  
og så kom Lars Ove med båten  
då blei eg på låten  
og låten va sånn lalalala  
eg synes at me ska få ein  
neste gong ein hummar  
(Malena)

## Dei tri bukkane Bruse

Kjetil Hamre

Det er nokre år sidan me fekk bru mellom Austre og Vestre Bokn. Det var viktig nok det, men utan bruspen vidare hadde det vore så som så.

Tri bruspen av høveleg storleik

må til for å knytta øysamfunnet og storsamfunnet saman. Eventyret seier seg nesten sjølv.

**Det var ein gong tri bukkar Bruse som sto i sjøen. Der hadde dei stått langt og lenge. Den store bukken hadde vore eit seilingsmerke i all kjend tid og heile kommunen kalte seg**

**Bokn fordi dei følte det treffande.**

**Minste bukken Ognøy var fyrst ute til å knytta seg til fastlandet. Dei andre bukkane var litt spende på korleis det skulle gå med veslegut. Det blei ikkje noka særleg endring og bukken fekk stort sett beita i fred.**

**Framhald på neste side**



# Med små bokstavar og korte skritt

Jardar Havikbotn

## Diktsamlinga til Kjetil Hamre er i trykken.

Bokn sin lokale diktar har nådd eit mål. Vegen mot målet har vore lang, ikkje minst prosessen frå inn-sendt manus til realisering av diktsamlinga.

Det var i mars i år at Bygdabladet skreiv at skribenten hadde klar ei samling med 55 dikt. Då Kjetil fekk beskjed av Dreier Bok i Stavanger at dei ikkje lenger gav ut dikt, sende han i starten av august manuset til Publica Bok AS i Sandnes. Desse svara etter ei veke at dei ville gi ut den dialektprega samlinga.

## Godt nøgd

Arbeidsskissa har gjennomgått intens og tidkrevande korrektur. Kjetil fortel at det har vore spesielt utfordrande å jobba med dialektorda og innrømmer at han har svelgt nokre kamelar i løpet av tre månader



**DIKTINGA TIL KJETIL HAMRE ER PÅVERKA AV NATUREN:** Om vinteren pyntar poeten juletreet for småfuglane som ikkje trekker ned til husa. Desse populære matstasjonane får, når det er frost i bakken, påfyll kvar tredje dag.

med telefonering og e-post-korrespondering.

- Den største kamelen er at dei fleste diktå har fått stor bokstav og teignsetting, men eg ser at det kan ha sin funksjon, slår Kjetil fast.

- Samarbeidet med Publica har vore fint og eg har fått gjennomslag for ein del dialektord. Resultatet har blitt godt spiseligt for meg som forfattar.

Poeten skriv lågmælt og tenksamt i dikta sine. Han skrik ikkje høgt og brukar vanlegvis små bokstavar og ikkje komma og punktum. I tillegg likar Kjetil å gå seint og varsamt, spesielt i naturen - som diktinga er påverka av, då kom tittelen av boka av seg sjølv. Boktittelen gjenspeglar tankegangen til Kjetil.

## Kommunal støtte

Ordkunstnaren er også veldig glad og takksam for hjelpa han har fått frå kommunen for å realisera denne draumen, både i form av profilering i Bygdabladet gjennom mange år og midlar frå Formannskapet.

Forutan dekning i ulik presse i Rogaland blir det lokal boklansering/signering på Bokn bibliotek 6. desember. Boka er då allerede truleg i sal hjå Coop Bokn med ein utsalspris på kr. 199,- På biblioteket kan du få signert boka di, uansett kor ho er kjøpt.

**Underteikna oppfordrar publikum som har høve til det om å koma til denne boklanseringa og støtta opp om lokal litteratur. Det er ikkje ofte me kan presentera denne type kultur i Bokn.**



## Framhald frå forrige side

*Den mellomste bukken Austre tenkte at det ikkje var så farleg og når han blei landfast brydde han seg ikkje mykje om det. Det var stort sett austreboknaren som køyrde over bruene så det blei berre endå betre tid og plass til å feita seg opp på saftig grønt gras.*

*Den store bukken Vestre blei litt fornærma. Tenk at han som den største ikkje skulle få vera*

*landfast sånn som dei yngre brørne, men det gjekk ikkje lenge før menneska bygde bru til han og. Alt var såre vel, så kom fergene.*

*- Kven er det som køyrer over mi bru, skreik bukkane til ingen nytte, for bilane har det så travelt i dag. Og når Boknatrollet hadde reist på lang ferie til Dovregubben når han blei landfast var det ingen som kunne hjelpa bukkane med trafikken.*

*Så dei tålmodige bukkane*

*beitar fortsatt og gjer seg feite. Av og til irriterer dei seg over all trafikken som kom, men graset er grønt uansett kva for ei side av vegen det er på. Havet brusar fortsatt rundt klovane deira.*

*Boknatrollet har ingen sett på ei stund, for kona til Dovregubben lagar nokre fantastiske vafler med skogsbærsyltetøy, så snipp snapp snute - Kystbussen er i rute.*



## Prioriterer tryggleik

Jardar Havikbotn

I forrige bygdablad konstaterte me - utifrå ein rapport frå ein årskontroll av samtlege offentlege leikeplassar i Bokn - at det var stor variasjon på standarden.

Av rapporten går det fram at fleire leikeapparat har feil som kan føra til død eller invaliditet (A-feil) og feil som kan føra til varige mèn (B-feil).

Kommunen har starta arbeidet med å utbetra/fjerna leikeapparat med såkalla A-feil og vil gjennomføra dette så raskt som mogleg.

A-feila blir prioriterte, men også B-feila blir tatt fort-løpande, eventuelt parallelt med utbetring/fjerning av apparat med A-feil.

---

**Sertifisert leikeplassinspektør, Tor Røkenes, registrerte mange snorfester på leikeplassane i Bokn under kontrollen i oktober.**



## Nær 800

Reidar Alvestad

**Bokn kommune har hatt ein folketilvekst på 14 personar frå 1. januar til 1. oktober.**



Siste statistikk frå Statistisk Sentralbyrå viser at folketalet i Bokn er gått opp frå 770 til 784 i perioden januar til oktober 2006. Fødselstalet i perioden er 9, og 7 er døde.

27 personar er flytta inn i kommunen, og 12 er flytta ut. Dette gir ein netto folketilvekst på 14 personar. Ein må rundt 6 år tilbake for å finna tilsvarande folketal.

### Størst auke siste kvartal

Folketalet hadde berre gått opp med 2 det første halvåret av 2006. Det er såleis dei siste 3 mnd. som har hatt den etter måten store netto tilveksten på 12 personar.

Det er sjølvsgagt alt for tidleg å seia om folketilveksten i det siste er ein trend som vil halda seg.

## Kommuneplanens arealdel

Hans Faye

**Med et tastetrykk er kommuneplanen sin arealdel med bestemmelser og retningslinjer nå tilgjengelig.**

Planen gjelder også for kommunen sine sjøområder.


Kommunen oppfordrer spesielt alle som planlegger tiltak om å sjekke tiltaket opp mot kommuneplankartet.

I tillegg til byggeområder og annen arealutnyttelse gir kartet informasjon til grunneiere om automatisk fredede fornminner.

Kommunen håper planen vil være til nytte for publikum og at grunneiere utnytter de mulighetene planen gir til videre utvikling av Boknasamfunnet.

Spørsmål om planegrensar og formål kan rettes til **teknisk seksjon.**

**De som har internet kan laste ned kartet på Bygdabladet sine nettsider.**



## Informasjon om legetenesta

### Bokn kommune forlenger samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas ved Hegren legesenter.

Sjølvs om Elisabeth Mattson er tilbake i jobb i Aksdal, har ikkje det noko med legestillinga i Bokn å gjere. Vi har framleis ein skriftleg avtale med dr. Fazekas om at han skal ivareta pasientane frå Bokn, og vi betaler han for dette.

### Ta derfor kontakt med Hegren legesenter på tlf. 52 75 88 00 når du treng lege.

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbudt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydelegge grunnlaget for drifta ved legekantoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Når det gjeld arbeidet med å skaffe ny kommunelege, har Formannskapet gått inn for å opprette ein heil legeheimel for Bokn, og det er søkt direktoratet om opprettelse av en slik heimel. Vi ventar no på svar derfra.

Som de skjønner, arbeider denne kverna langsamt, og det er vel ikkje realistisk å tru at vi har ny lege i Bokn før nyttår. Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekantoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

### Er det elles noko de lurar på når det gjeld legeordninga, kan de ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03

Med helsing Gunn Grønnestad

## Frivillige mannskaper til brannvesenet

### Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann- og redningsvesen.

Søker må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen. Det er ikke innført vaktordning.

Tilsetningsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at søker består en helsesjekk for brannmannskaper. Fast godtgjørelse utgjør for tida kr. 9.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

### Spørsmål kan rettes til brannsjefen på tlf. 52 75 25 05.

### Søknad må være sendt Bokn kommune innen den **15. desember 2006**.

## Vikariat, barne- og ungdomsarbeidar

Det er ledig vikariat som barne- og ungdomsarbeidar. Stillinga er på 25 %. Løn etter avtale. Deler av stillinga er kvelds/nattarbeid. To stk. kan gjerne dela vikariatet.

Oppgåver blir å gå inn i drifta av den kommunale fritidsklubben og ulike trivselsfremmande prosjekt for barn og unge.

Det blir lagt stor vekt på god samarbeidsevne, og evnen til å kommunisera og samarbeida med barn og unge.

Vikariatet er frå 01.01.07. Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å kontakta kultursjef Jardar Havikbotn, jardar.havikbotn@bokn.kommune.no – tlf. 98 22 15 08.

### Søknad skal sendast til Bokn kommune innan **15. desember**.

## Midlertidig medarbeidar i teknisk seksjon

Reidar Alvestad

**Som mange er kjent med er Unni W.W. Høyvik i teknisk seksjon i Bokn kommune ute i svangerskapspermisjon. I denne perioden fram til sommaren 2007 har kommunen leigd inn Bernt Østnor frå Norconsult i Haugesund for å erstatta noko av den arbeidskrafta ein manglar.**



**Bernt Østnor held til på teknisk seksjon sitt ledige kontor på onsdagar.**

### Utleige

Bernt Østnor er utleigd frå Norconsult i 40 % stilling. Av dette skal han vera på kontor i Bokn minst ein dag i veka.

Onsdag er i utgangspunktet den dagen han er i Bokn. Den resterande delen av 40 % skal utførast frå kontor i Haugesund.

### Naturforvaltar

Bernt Østnor er utdanna frå det som tidlegare heitte Landbrukshøgskolen på Ås. Naturforvaltar er yrkestittelen. Hovudretningane hans i utdanninga var fisk- og viltforvaltning og arealplanlegging.

Han har tidlegare hatt arbeid i Norges KFUM Speidere innafør Friluftsliv, som arealplanleggar i Lier kommune og 4 år i Rogaland fylkeskommune. Siste staden gjekk arbeidet ut på planlegging innafør miljøprosjekt som vasskvalitet på Jæren og avfallshandtering. Stillinga ved Norconsult har han hatt frå sommaren i år. Dette firmaet er eit rådgjevande ingeniørfirma som har kontor fleire stader i landet.

### I Bokn fram til sommaren –07

Bernt Østnor skal arbeida i 40 % stilling i Bokn ut juni mnd. 2007. Oppgåvene han skal ha er m.a. Utarbeiding av planar for kommunen og anna prosjektarbeid. Andre oppgåver kan koma til. Den løpanda saksbehandlinga vil seksjonssjefen ta seg av.

Bernt Østnor starta opp litt ut i november. Han har vore og sett seg litt omkring i kommunen, og er overraska over kor mange vatn det er innover øya. Det er ikkje så mykje av Bokn ein ser når ein er van med å kjøra gjennom kommunen på E39.

Bernt Østnor ser fram til å gjera ein jobb for kommunen, men reknar i utgangspunktet ikkje med at det blir meir enn ein tidsavgrensa i denne omgangen.

## TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt innmark

Kr. 170,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes  
4150 Rennesøy**

51 72 31 33

900 16 817

*Tusen takk for oppmerksomheten i anledning min  
60 års dag.*

*Signe Skjeldæ*

### Til alle idrettslagets sponsorer for 2006

*Vi vil med dette få takke alle våre sponsorer for 2006.  
Uten Deres økonomiske støtte ville vi ikke klart å opprett-  
holdt den høye aktivitet vi har hatt i idrettslaget i 2006.*

*Følgende bedrifter/enkelmannsforetak har bidratt i 2006:*

*MX sport  
Bokn Plast  
Coop Bokn  
Sigmund Grønnestad  
Grieg  
Håflu  
SR Bank  
Ewos  
Vassbakk & Stol  
Bokn kommune*

*Takk til Dere alle.*

*Hilsen styret i Bokn Idrettslag*

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

**John Magne Lie**  
90 92 49 64

**Kjell Frode Lie**  
90 78 37 97

## Vi synger julen inn

Det blir julekonsert i kirken fredag 15. desember kl. 19.00.

I tillegg til noen innslag fra lokale krefter skal  
alle få være med og synge julesangene.

Velkommen!

### Familiejulefest

**Lørdag 2. desember kl. 15.00  
i gymsalen på Bokn skule**

Dansekonkurranse/oppvisning

Leker for alle

Lodd og lucky dip

Salg av kaffe og kake

Besøk av nissefar

Velkommen alle store og små

**Arr. Hegren Sportsdanskklubb**



### Juletresalg 2006

Tradisjonen tro selger Bokn Røde Kors også i år fine juletrær fra Liv og Osmund Lund fra Sjernarøy.

Det vil bli lagt ut liste på butikken for forhåndsbestilling. Forhånds-  
bestilte trær vil bli levert på døra. Vi vil i tillegg selge trær i Føresvik  
lørdagene 9. og 16. desember. kl 09.00-14.00.

Prisen blir som tidligere 280 kr.

Det vil i tillegg bli lagt ut lister under julegrantenningen som en kan  
skrive seg på.

**Dere kan også bestille trær via tlf til:**

**Unni 97 62 11 43**  
**Kjell Frode 90 78 37 97**

### Julegrantenning 3. desember 2006

Også i år vil Bokn Røde Kors arrangere julegrantenning for liten og  
for stor.

Vi starter kl 16.00 i gymsalen på skolen med lett underholdning,  
åresalg og selvfølgelig salg av kaker og kaffi.

Nissen har også lovet å stikke innom dersom det kommer noen snille  
barn...

Ta med venner og kjente og møt opp!

**Hilsen Bokn Røde Kors**

Mandag til torsdag  
09.00 - 17.00  
Tlf. 52 74 83 16

# COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00  
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

**coop**  
marked



# HUSK

- ✓ *Vis at du bryr deg*
- ✓ *Gi bort en pengegave*
- ✓ *Se gaven bli større*

En pengegave har evnen til å realisere små og store drømmer. Gi bort en fondsandel eller en livrente. Jo lenger spareperiode, desto større avkastning kan du forvente. Profesjonelle forvaltere vil bruke all sin tid på å øke verdien av gaven. Vi i SpareBank 1 hjelper deg å komme frem til den beste løsningen. Stikk innom da vel.

**Kjøp en pengegave av noen som kjenner deg.**

Stikk innom SR-Bank Bokn eller ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!

**SpareBank 1 SR-Bank**

bank · fond · forsikring · eiendomsrådgivning



## Div. tenester på Boknatun

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
Smertebehandling med nåler.  
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.  
**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.  
**Enkelte laurdagar etter avtale.**  
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.  
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28  
Direkte nr.: 52 75 25 33  
**Rita Jensen - fotterapeut**



### NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. 52 77 05 00  
**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

### TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00  
kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 80  
**Marita Ølund- tannlege**

Stort forsidebilde:

Solrik haustdag i Stillevik på Austre Bokn.

Foto: Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.  
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

### BYGDABLADNEMND

Eva Moi  
May Jorunn Vatnaland  
Johannes Nilssen

### TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør  
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist  
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar  
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: linda@bygdabladet.no

### ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartside	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

#### Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.  
E-post: [postmottak@bokn.kommune.no](mailto:postmottak@bokn.kommune.no)

Bokn kommune sel no **kommunepins** til private samlarar over heile landet. Desse kostar kr. 100,- pr. stk.

Interesserte tar kontakt med Servicetorget eller kulturkontoret.  
Tlf. 52 75 25 00/52 75 25 08





## Teiknekonkurranse

### 1. - 4. trinn på skulen har teikna flotte teikningar til dei nye gassferjene som skal gå på Boknafjorden.

Tidleg i haust fekk 1. - 4. trinn invitasjon frå ferjeselskapet Fjord1 om å vera med på ein teiknekonkurranse. Dei skulle teikna båtar eller noko som hadde med båt/sjøliv å gjera.

Alle klassane sette i gong med å teikna, og det blei nokre fantastisk flotte teikningar (berre sjå sjølv).

No har me sendt frå oss teikningane og ventar i spenning om nokre av teikningane vil bli brukte til å smykke ut dei nye gassferjene.

Dei beste teikningane vil bli

premierte, men alle klassane som har deltatt vil bli inviterte på ei omvisning og bespisning på ei av dei nye ferjene når dei kjem i drift på nyåret.

**Du kan sjå teikningane på [www.boknskule.no](http://www.boknskule.no)**

**Bygdabladet har trekt ut seks smakebitar:**

